

Uskedal Båtlag nummer ti førebels

07.07.2006



Harald Erdal og Øystein Koløy i Uskedalen Båtlag, her fotografert under utvidinga i vår, voner at deira hamn skal erobra ein topp-plass i tevlinga dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også dette året er det Husnes Båthavn som leiar dysten om å bli den beste gjestehamna i Noreg. Husnesingane vann også i fjor og er på hugget igjen.

Men Uskedal Båtlag ligg ikkje dårleg an, dei er framleis nummer ti (nr seks 12.07!) i den harde tevlinga og mykje kan enno skje. Til no har 95 av 1.030 hamnar fått røyster. Den hamna som har fått flest 15. august har vunne. ÅRETS GJESTEHAVN får ein solid ljugarkrakk som bevis på prestasjonen og den blir overrekt under Båter i Sjøen 6. september. I tillegg blir hamna og heimkommunen presentert i Båtmagasinet og Norske Gjestehavner. Vil du gje Uskedalen ei røyst (bere ein stemme pr. hamn) går du inn på gjestehavner.no.

Skal vi ta eit krafttak for hamna vår, etter mange meiningsfinaste i Kvinnherad, som nylig er utvida?